



KLEPP KOMMUNE



Økonomireglement

Delegering i budsjettsaker, rapportering og rekneskap
Vedtatt av kommunestyret 14. november 2016

1 DRIFTSBUDSJETTET

1.1 Kommunestyret

- 1.1.1 Kommunestyret skal innan utgangen av året (31.12.) vedta ein rullerande økonomiplan og eit samla driftsbudsjett for neste år. Budsjettet er fyrste året økonomiplanen. Økonomiplanen er handlingsprogram i samsvar med plan- og bygningslova.
- 1.1.2 Kommunestyret fastset driftsbudsjettet for inntekter og utgifter slik det framgår av budsjettskjema 1 (fellesinntekter/-utgifter)
- 1.1.3 Kommunestyret fastset driftsbudsjettet (etatane/tenesteområda/kyrkja) på netto ramme-nivå.
- 1.1.4 Kommunestyret sine fastsette netto driftsrammer kan berre endrast av kommunestyret sjølv.
- 1.1.5 Kommunestyret fastset nivået på avgifter, gebyr og betalingssatsar i samband med at budsjettet vert vedteke.
- 1.1.6 Dei vidare fullmaktene innanfor dette reglement kan berre nyttast i den grad dei ikkje er i strid med mål, prioriteringar og premisser som er lagt til grunn for budsjetttrammene i kommunestyret sitt budsjettvedtak.

1.2 FORMANNSKAPET

- 1.2.1 Formannskapet fører tilsyn med kommunen si økonomiske forvaltning, og er ansvarleg for at budsjettet vert følgt opp i samsvar med kommunestyret sine føresetnader.
- 1.2.2 Formannskapet fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for kommunestyret.

1.3 ØKONOMIUTVALET

- 1.3.1 Økonomiutvalet er personidentisk med formannskapet.
- 1.3.2 Økonomiutvalet utarbeider forslag og fremjar innstilling til budsjett og økonomiplan for formannskapet.

1.4 HOVUDUTVALA

- 1.4.1 Hovudutvala har disposisjonsfullmakt for netto driftsrammer fastsett av kommunestyret.
- 1.4.2 Hovudutvala skal sjå til at budsjettet vert nytta effektivt i høve til dei mål og premisser som er lagt til grunn for løyvinga i kommunestyret.
- 1.4.3 Hovudutvala kan nytta meirinntekter innanfor eige ansvarsområde.
- 1.4.4 Hovudutvala kan omdisponere midlar innanfor sitt/sine netto driftsramme(r) til mindre investeringar i utstyr, mindre rehabiliteringsprosjekt, inventar og transportmidlar.
- 1.4.5 Hovudutvala kan disponere av eigne disposisjonsfond.
- 1.4.6 Hovudutvala sine omdisponeringar skal gjerast som budsjettendring.

Formannskapet er hovudutval for sentraladminstrasjonen

1.5 RÅDMANNEN

- 1.5.1 Rådmannen utarbeider budsjettgrunnlag for økonomiutvalet sitt arbeid.
- 1.5.2 Rådmannen er ansvarleg for løypande kontroll av den økonomiske utviklinga i kommunen, herunder:
- følgje opp inntektssida i budsjettet
 - rapportering til hovudutval, formannskap og kommunestyret
 - sikre at budsjettet/økonomiplanen til ei kvar tid er i balanse
- 1.5.3 Rådmannen kan om gjere og opprette nye stillingar innanfor budsjettet.
- 1.5.4 Rådmannen kan, innanfor dei einskilde rammeområde, omdisponera midlar når endringane er ikkje-prinsipielle.
- 1.5.5 Rådmannen kan, innanfor dei einskilde rammeområde, nytta meirinntekter når desse er ikkje-prinsipielle.
- 1.5.6 Rådmannen skal ved årsavslutninga avsetja til bundne driftsfond, og kan disponere slike avsettingar.
- 1.5.7 Rådmannen kan ved årsavslutninga avsetja ubrukt budsjetttramme for kvart av rammeområda til disposisjonsfond føreset at vedtekne mål og aktivitetar er gjennomført.
Rådmannen kan avsetja til andre disposisjonsfond i samsvar med budsjett og vedtak. Slike avsettingar kan berre gjerast dersom det er overskot i høve til tildelt nettoramme, og kommunen totalt sett som minimum går i balanse.
- 1.5.8 Rådmannen kan splitte prosjekt i investeringsbudsjettet på fleire prosjekt når det er hensiktsmessig.

2 INVESTERINGSBUDSJETTET

- 2.1.1 Kommunestyret fastset og endrar investeringsbudsjettet på prosjektnivå, eller som felles løyving for fleire prosjekt.

3 RAPPORTERING

- 3.1.1 Kommunestyret og formannskapet skal etter første og andre tertial ha sak om den økonomiske situasjonen.
- 3.1.2 Kommunestyret skal i tertialrapportane ha:
- ei vurdering av stoda i høve til dei mål som er sett opp i budsjettet.
 - Ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret.
 - melding om ev. avvik i høve til framdrift og kostnader/finansieringsplan på investeringsbudsjettet.
 - Ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunens økonomiske situasjon.

- 3.1.3 Kommunestyret skal med bakgrunn i dei framlagte tertialrapportane gjera nødvendige endringar i drifts- og investeringsbudsjettet.
- 3.1.4 Kommunestyret skal behandle årsmelding for kommunen i same møte som årsrekneskapen.
- 3.1.5 Formannskapet skal til kvart av dei ordinære møta få framlagt rapportar som synar økonomisk status.

4 REKNESKAP

- 4.1.1 Rådmannen har kvart år ansvar for å føreta strykingar av avsettingar til disposisjonsfond, samt å bruke av etatane sine disposisjonsfond for å avgrense/forhindre underskot på etatane sine netto rammer.
- 4.1.2 Kommunestyret skal disponera årsoverskot i same møtet som rekneskapen vert behandla.
- 4.1.3 Dersom eit rammeområde har overskot på drifta i eit rekneskapsår (år 0), og dette vert nytta for å dekkje/reduere eit totalt underskot, skal det inndregne beløp søkjast kompensert i inneverande år eller ved rammefastsettinga for år 2.
- 4.1.4 Ved overskriding av tildelt netto ramme i eit rekneskapsår (år 0) skal dette vurderast trekt heilt eller delvis i ramma for inneverande år 1 eller i år 2. I særskilde høve kan trekket fordelast over fleire år (år 2-4).
- 4.1.5 Vedtak om trekk eller kompensasjon blir fatta av kommunestyret.
- 4.1.6 Rekneskapen for byggje- og anleggsprosjekt skal normalt vera avslutta og behandla i kommunestyret seinast eitt år etter ferdigstilling/overtaking. For byggjeprosjekt viser ein elles til «reglement for kommunale byggeprosjekt».

5 ANDRE REGLER PÅ ØKONOMIOMRÅDET

- 5.1.1 Reglement for finansforvaltning.
- 5.1.2 Reglement for kommunale bygg- og anleggsprosjekt.

6 VEDLEGG

6.1 DEFINISJONAR

6.1.1 Etat/tenesteområde

Administrativ eining. Kvar etat/tenesteområde har ansvaret for ei eller fleire nettorammer tildelt av kommunestyret. Etatane/tenesteområda er i hovudsak bygd opp av avdelingar/ansvar, som igjen kan vera delt opp i "underavdelingar/ansvar". Vert fastsatt av kommunens organisering.

6.1.2 Ramme

Den sum som er til disposisjon for å løysa oppgåver innanfor eit (budsjett)ansvarsområde. Rammene kan vera på brutto eller netto nivå. Med brutto rammer forstår ein berre utgifter eller berre inntekter. Med netto rammer forstår ein brutto utgifter minus inntekter. Kommunestyret si tildeling av rammer til etatane/tenesteområda er på netto-nivå.

6.1.3 Ansvar

Etatane, avdelingane og ev. underavdelingar vert styrt/leia av ein ansvarshavande. Ansvar er knytt til stilling/person som har budsjettansvar for eit nærare angitt budsjettområde. Vert fastsatt av kommunens organisering.

6.1.4 Tenester

Dei oppgåver kommunen utfører – t.d. sentral IT-drift, barnevern og og avløp. Tenester er plassert eintydig inn under omgrepet funksjon i staten sitt rapporteringssystem KOSTRA. Funksjon vert fastsett kvart år av departementet.

6.1.5 Artar

Type utgifter eller inntekter som må til for å utføre tenester. Administrasjonen tilpassar intern artsinndeling til artar fastsett kvart år av departementet

6.1.6 Prosjekt

Prosjekt refererer til ei tidsavgrensa aktivitet i drifts- og kapitalbudsjettet-/rekneskapen. Vert fastsett i budsjett og administrativt behov for prosjektrapportering.

6.1.7 Tiltak

Tiltak vert brukt i samband med økonomiplan for å vise verknad av endring i aktivitet samanlikna med vedteke budsjettamme. I investeringsbudsjett vil alle prosjekt med tilhørande driftskonsekvensar være tiltak. Vert fastsett ut frå behov i budsjettarbeidet.